

# Årsmelding 2010



## VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit frittståande, oppdragsbasert forskingsinstitutt. Instituttet er organisert som stifting og vart etablert 6. mars 1985. Instituttet er lokalisert i [Sogndal](#), i Campus Fosshaugane. Instituttet har 30 tilsette og ein årsumsetnad på ca.27,6 mill kroner.

### Grunnleggande ide

Vestlandsforskning er eit internasjonalt orientert forskingsinstitutt med regional forankring. Vår visjon er kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

### Verdigrunnlag

Vestlandsforskning skal utføre kritisk og uavhengig forskning. Openheit er ein føresetnad i vår kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. Høg kvalitet skal kjennemerke alle delar av vår verksemd.

### Mål

Vestlandsforskning skal levere kunnskapsbidrag av høg kvalitet som bidreg til auka innsikt, nytenking og utvikling både i politikktutforming, forvaltning og verdiskaping. Vestlandsforskning skal delta i forskingsfronten nasjonalt og internasjonalt og vere ein aktiv aktør i utvikling på Vestlandet.

### Oppdrag

Vestlandsforskning er eit oppdragsbasert institutt og utfører forskning og utviklingsarbeid på oppdrag for næringsliv, offentleg sektor, Norges Forskningsråd, EU og Det Europeiske Forskningsorganet (ERA). Oppdraga omfattar regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt.

### Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

### Regionalt kunnskapsknutepunkt


Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane utgjør eit samla regionalt kunnskapsmiljø med om lag 230 fagstillingar. Tilsette ved Høgskulen deltek òg i Vestlandsforskning sine prosjekt og ein samarbeider tett på felles fagområde.

### Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune blir nytta til fagleg utvikling, doktorgradsarbeid og kvalitetssikring. Ved etableringa i 1985 gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kroner.

### Organisering

Vestlandsforskning blir leia av eit styre samansett av sju medlemer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fleirtalet av desse, Norges Forskningsråd oppnemner eitt medlem. Direktøren er dagleg leiar for instituttet. Forskningsområda er organiserte tematisk og leia av forskingsleiarar og administrative gruppeleiarar.



## FORSKINGSOMRÅDA

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med tyngda i samfunns-, tekniske- og økonomiske fag. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper.

### BRUKARVENNLEGE IT-SYSTEM

- Brukargrensesnitt
- Informasjonsstruktur- og arkitektur
- Kravspesifikasjonar
- Semantiske Teknologiar

### ENDRING OG NYSKAPING

- Endringsleiing
- E-forvaltning og offentleg organisering
- Infrastruktur og nettverksutvikling
- Regional utvikling og næringsutvikling

### BEREKRAFTIG REISELIV

- Berekraftig reiseliv
- Fritidsbruk
- It og reiseliv

### MILJØ, KLIMA, ENERGI OG TRANSPORT

- Lokal miljø- og klimapolitikk
- Berekraftig mobilitet
- Fornybar energi
- Industriell økologi

Vestlandsforskning, Postboks 163, 6851 Sogndal  
Telefon 906 33 600 Fax: 947 63 727  
E-post: [info@vestforsk.no](mailto:info@vestforsk.no) - Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

# Årsmelding 2010 - Vestlandsforskning

## Oppdrag

75 prosjekt var under arbeid i 2010. Oppdraga fordelte seg slik etter storleik (i tusen kroner):

Prosjekt storleik	Tal prosjekt	Del av omsetninga
0-100	12	3%
101-500	28	18%
501-2000	21	33%
>2001	14	46%

Mange av forskingsarbeida går over fleire år og blir utført i samarbeid med andre fagmiljø både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

## Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2010 var på 27,6 mill. kroner. Grunnløyving frå forskingsrådet utgjorde 10,9% av inntektene, grunnløyving frå fylkeskommunen 2,9% av inntektene, medan 86,2% var oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde:

	2010	2009	2008	2007
EU/utland	14	11	16	19
Forskringsråd	38	44	35	34
Kommune/fk.kom	18	16	14	19
Statsforvaltninga	14	9	14	12
Næringsliv og org.	16	20	21	16

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. EU-kommisjonen, forskingsråd og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

## Kommunar og næringsliv

Næringslivet medverka i 21 av prosjekta ved instituttet i 2010. Verksemdene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til dei største verksemdene i landet.

I 20 av prosjekta under arbeid i 2010 var kommunar frå alle deler av landet deltakarar på ulike vis. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvkommune.

## Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet vart ytterlegare utvikla i 2010 ved kunnskapssamarbeid av ulike slag. Næringslivet ved enkeltbedrifter, NHO, LO, organisasjonar, fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, kommunane og Høgskulen i Sogn og Fjordane er viktige samarbeidspartar i regionen. Samarbeidet har mange former, som t.d. bilateralt samarbeid med enkeltbedrifter eller samarbeid med ei gruppe bedrifter i ein bransje, samt at vi har kunnskapssamarbeid på tvers av private bedrifter og offentlege verksemdar. Samarbeidet i "Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane" eller i Forskringsprogram for fornybar energi er døme på det siste, der VF samarbeider med næringslivet sine organisasjonar, enkeltbedrifter, HSF og nasjonale kunnskapsmiljø om å bygge kunnskap for innovasjon i Sogn og Fjordane. VRI programmet har karakter av partnerskap, der partane i arbeidslivet og enkeltbedrifter saman med verkemiddelapparat og forskingsmiljø samarbeider om forskning og innovasjon i regionen.

Instituttet si rolle som regional utviklingsaktør og partner i innovasjonsarbeid går parallelt med rolla som tilbydar overfor regionale oppdragsgjevarar.

# Årsmelding 2010 - Vestlandsforskning

## Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning vektlegg internasjonalt arbeid. I 2010 var 11 av prosjekta eit samarbeid med forskarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år.

Forskarar frå instituttet heldt 15 foredrag på internasjonale konferansar/seminar i 11land i 2010.

## Publisering, formidling og informasjon

Ein av forskarane har gitt ut ei bok på vitenskapleg forlag. I tillegg er det publisert 19 artiklar i bøker/tidsskrift med referee. Det var gitt ut 9 vf-rapportar og notat ved instituttet. Forskarane heldt til saman 67 foredrag, inkl. framlagde papers og foredrag utgitt i konferanserapportar. Forskarane har bidrege med 7 artiklar i bøker og tidsskrift. Vestlandsforskning har vore arrangør/medarrangør av 5 heildagskonferansar i 2010. I tillegg er det arrangert 6 kortare seminar om ulike tema.

Publisering	2010	2009	2008	2007
Artiklar/bøker med referee	20	19	13	11*
VF publikasjonar	9	20	26	27
Foredrag/undervisning/paper	67	53	81	113
Artiklar i bøker/tidsskrift	7	8	7	17

## Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført 27,7 årsverk ved instituttet i 2010. Ved utgangen av året hadde instituttet 31 tilsette, 27 forskarar og 4 administrativt tilsette. Av desse er to forskarar i bistilling Tal forskarårsverk var stabilt i 2010.

Ved utgangen av 2010 var det sju forskarar med hovudstilling ved instituttet med doktorgrad – av desse to med professorkompetanse - og fire som arbeider med doktorgrad. Ei bistilling er knytt til instituttet. Vestlandsforskning legg vekt på å auke andelen forskarar med PhD ved instituttet og legg til rette for at forskarar kan ta PhD ved instituttet.

Det var utført 24,2 forskarårsverk ved instituttet i 2010. Kjønnsbalansen har blitt jamnare med 8 kvinnelege forskarar ved årsskiftet. Kvinner utgjør 31% av forskarstaben. Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte.

Det er gjennomført ei rekkje internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som lekk i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og karakter av system- og instituttutvikling.

## Miljøfyrtårnsbedrift

Vestlandsforskning har i 2010 arbeidd for å bli miljøsertifisert i ordninga Miljøfyrtårn, ei mulighet som opna seg etter at Sogndal kommune vart miljøfyrtårnsertifisert. I ei årrekke har ein arbeidd målretta med å redusere miljøulempene ved instituttet på prioriterte område i drifta. På kontorsida er tiltak som tosidig print, miljøvennleg innkjøp, avfallssortering mv innført. Klimagassutslepp ved reising er den største miljøutfordringa for instituttet.

## Oversikt – Flyreiser

		2010	2009	2008	2007
Tal reiser pr år	Utland	113	116	96	86
	Innland	274	252	328	207
Tal reiser pr årsverk pr år	Utland	4,1	4,4	3,9	4,0
	Innland	9,9	9,5	13,3	9,6
Flyreise km pr årsverk	Utland	7.811	6.533	4.537	8.094
	Innland	2.847	2.499	3.627	2.474
Totalt utslepp CO <sub>2</sub> ekvivalentar		55 tonn	46 tonn	43 tonn	43 tonn
Kjøpte kvoter pr årsverk		3,6	3,1	3,1	3,6

## Årsmelding 2010 - Vestlandsforskning

---

Skilnaden i tal reiser inn- og utland åra 2008-2009 skuldast i nokon grad ulik metode, medan sum km inn- og utland er samanliknbare tal for alle åra. Åra 2009 og 2010 er samanliknbare for alle storleikane.

Tal reiser innanlands har auka noko i 2010. Tal utanlandsreiser har gått ned, men reiste flykm har auka. Dette har samband med ei studiereise til San Francisco i regi av IT-forum, der ei gruppe frå VF deltok. Det blir synleg at lange flyreiser har stor effekt på klimagassutslepp. Totalt utslepp pr årsverk har auka med 16%, ei utvikling vi ikkje kan tole over tid., dvs vi har auka dei samla klimagassutsleppa ved VF frå 2009 til 2010 vesentleg. Pr årsverk tilsvarte utsleppa 3,6 kvoter i 2010, og 3,1 kvoter i 2009.

I tillegg til fly, blir eigen bil og leigebil mykje brukt ved jobbreiser. Kurs i drivstoffeffektiv køyring er gjennomført for medarbeidarane årleg for å redusere utslepp frå bilkøyring, stipulert til 20% potensiell reduksjon i drivstofforbruk og klimagassutslepp.

Vestlandsforskning skal vere synleg og tilgjengeleg for oppdragsgjevarar og samarbeidspartar. Når vi er lokaliserte i Sogndal, vil det innebere dette mykje reising, sjølv med aktiv bruk av teknologiske kommunikasjonsløyser. Vi må leve med eit visst omfang av reising, men vi må unngå å reise unødvendig. Bruken av videokonferansar og streaming av større møte er tatt i bruk for å redusere reiseaktiviteten ved Vestlandsforskning og våre samarbeidspartar, men det er framleis muleg å auke bruken. Pågåande arbeid i t.d. det Transnova-finansierte prosjekt "Kunnskap kryssar grenser", vil auke kunnskapen om korleis ein kan auke bruken av teknologiske kommunikasjonsløyser som reduserer reisebehovet mellom utkant og sentra.

Vestlandsforskning kompenserer for klimagassutslepp som følgjer av flyreisene medarbeidarane gjennomfører ved å kjøpe klimakvoter i gullstandardsertifiserte prosjekt gjennom FN's offisielle kvotesystem. For 2010 kjøpte Vestlandsforskning 100 CO<sub>2</sub> kvoter, som kompenserer for ca 55 tonn CO<sub>2</sub> ekvivalentar (CO<sub>2</sub>, CH<sub>4</sub> og N<sub>2</sub>O), korrigert for effekten av at klimagassar har ei sterkare effekt når dei blir slept ut i høgare luftlag i forhold til utslepp på bakken (RFI-indeksen). Tilsvarende for 2009 var 84 kvoter eller 46 tonn

### Strategi 2011-2015

Vestlandsforskning ullaerte i 2010 strategiane for utviklinga av instituttet i perioden 2011-2015. Strategien er delt i tematiske og funksjonelle faglege strategiar, samt interne strategiar:

- Vestlandsforskning skal utvikle berekraftig reiseliv innan 2015 til eit forskingsområde der vi skal vere med i den internasjonale forskingsfronten og der vi skal bli leiande nasjonalt og vere synlege internasjonalt.
- Faglege utvikling for øvrig skal skje ved forsterking av og knoppskyting frå hovudområda IT, reiseliv og klima - miljø, basert på tverrfagleg og kritisk tilnærming
- Vestlandsforskning skal vere i forskingsfronten nasjonalt og ha stor internasjonal aktivitet.
- Arbeidet i VF skal medverke til eit godt kunnskapsgrunnlag for samfunns- og næringsutvikling regionalt og nasjonalt
  - Instituttet skal utføre forskning som er relevant for Vestlandet
  - Instituttet skal vere synleg og relevant nasjonalt
- Vestlandsforskning skal vere ein uavhengig og attraktiv samarbeidspart med ein tydeleg plass i forskingsstrukturane
- Vestlandsforskning skal vere eit økonomisk robust forskingsinstitutt
- Vestlandsforskning skal leve opp til instituttet sine verdiar og grunnleggjande idé.

Strategiane er vidare konkretiserte og periodiserte og er styrande for årleg budsjettprioriteringar og skal vere gjenkjenneleg i alle deler av verksemda.

## STYRE OG LEIING

### Styremedlemer

Knut M. Olsen, styreleiar  
Hilde Buer, nestleiar – til 01.04.2010  
Berit Bringedal  
Inger Johanne Sundby  
Anne Kristin Hjelle Jordal  
Per Morten Vigtel  
Øyvind Heimset Larsen

### Varamedlemer

Reidar Sandal  
Trude Brosvik  
Yngve Hallen  
Georg Arnestad  
Karen Marie Hjelmesæter  
Otto Andersen  
Inge Jan Henjesand

### Dagleg leiing

Direktør Agnes Landstad  
Kontorleiar Bjørg Haukereid

### Miljøgruppa

Forskingsleiar Carlo Aall  
Gruppeleiar Idun Anderssen Husabø

### IT-gruppa

Forskingsleiar Ivar Petter Grøtte  
Gruppeleiar Svein Ølnes

## PERSONALE

Rajendra Akerkar, forskar  
Otto Andersen, forskar  
Eivind Brendehaug, forskar  
Carol Azungi Dralega, forskar  
Frida Ekstrøm, forskar  
Robert Engels, vitenskapleg rådgjevar, bistilling  
Agnes Brudvik Engeset, forskar  
Guttorm Flatabø, forskingsassistent  
Geoffrey Gilpin, forskar  
Ole Inge Gjerald, forskar  
Kyrre Groven, forskar  
Ivar Petter Grøtte, forskingsleiar  
Stefan Gössling, forskingskoordinator  
Bjørg Haukereid, kontorleiar  
Eli Heiberg, forskar  
Nils Arne Hove, systemutviklar  
Idun Anderssen Husabø, forskar  
Karl Georg Høyer, professor i bistilling  
Siri Kvammen, sekretær  
Agnes Landstad, direktør  
Øyvind Heimset Larsen, forskar  
Sergio Manzetti, forskar  
Morten Simonsen, forskar  
Ingerd Skogseid, forskar  
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonssekretær  
Geir Strand, forskar  
Ingrid Sælensminde, forskar  
Marte Lange Vik, forskar  
Hans Jakob Walnum, forskar  
Svein Ølnes, forskar  
Terje Aaberge, forskar  
Carlo Aall, forskingsleiar

# Årsmelding 2010 - Vestlandsforskning

## REKNESKAP

Noter	RESULTATREKNESKAP	2010	2009
	DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER		
7	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b><u>27.564.671</u></b>	<b><u>26.338.381</u></b>
	Prosjektkostnader	7.160.112	6.734.748
1	Lønnskostnader m.m. (note)	16.823.870	15.451.132
6	Ordinær avskrivning	55.653	19.423
1,2	Andre driftskostnader	<u>2.776.753</u>	<u>2.614.947</u>
	Sum driftskostnader	<u>26.816.388</u>	<u>24.820.249</u>
	<b>Driftsresultat</b>	<b><u>748.283</u></b>	<b><u>1.518.133</u></b>
	FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Resultat av finansposter	<u>11.530</u>	<u>-91.845</u>
	<b>RESULTAT FØR SKATT</b>	<b><u>759.813</u></b>	<b><u>1.426.288</u></b>
8	Skattekostnad på ordinært resultat	-264.381	-633.669
	<b>Årsresultat</b>	<b><u>495.432</u></b>	<b><u>792.619</u></b>
	<b>Overføringer</b>		
	Avsatt til annen egenkapital	<u>495.432</u>	<u>792.619</u>
	<b>Sum overføringer</b>	<b><u>495.432</u></b>	<b><u>792.619</u></b>
	BALANSE		
	EIGENDELER		
	<b>Anleggsmidler</b>		
2	Driftsløsøre, inventar, verktøy m.m.	<u>244.000</u>	<u>98.000</u>
5	Investering i aksjer	18.700	18.700
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b><u>262.700</u></b>	<b><u>116.700</u></b>
	<b>Omløpsmidlar</b>		
2	<b>Prosjekt under arbeid</b>	<b><u>4.811.880</u></b>	<b><u>2.472.522</u></b>
2	<b>Sum fordringar</b>	<b><u>3.822.915</u></b>	<b><u>5.085.604</u></b>
2	<b>Bankinnskudd, kontanter ol.</b>	<b><u>9.187.617</u></b>	<b><u>13.542.304</u></b>
	<b>Sum omløpsmidler</b>	<b><u>17.822.411</u></b>	<b><u>21.100.430</u></b>
	<b>Sum eiendeler</b>	<b><u>18.085.111</u></b>	<b><u>21.217.130</u></b>
	GJELD OG EIGENKAPITAL		
	<b>Eigenkapital</b>		
	Grunnfond	4.000.000	4.000.000
	Annan egenkapital	<u>4.844.374</u>	<u>4.348.943</u>
4	<b>Sum egenkapital</b>	<b><u>8.844.374</u></b>	<b><u>8.348.943</u></b>
	<b>Gjeld</b>		
	Langsiktig gjeld		<u>0</u>

## Årsmelding 2010 - Vestlandsforskning

---

	<b>Kortsiktig gjeld</b>		
	Leverandørgjeld	657.782	262.255
<b>8</b>	Betalbar skatt	898.050	633.669
	Skyldige offentlige avgifter	3.164.817	3.684.944
	Forskudd frå kunder	4.257.088	8.015.319
	Annen kortsiktig gjeld	263.000	272.000
<b>3</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b><u>9.240.737</u></b>	<b><u>12.868.187</u></b>
	<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b><u>18.085.111</u></b>	<b><u>21.217.130</u></b>

## STYRET SI VURDERING

### *Utviklinga i Vestlandsforskning siste åra*

Vestlandsforskning er eit internasjonalt orientert forskingsinstitutt med regional forankring som har ein tverrfagleg profil i forskinga. I 2010 har instituttet feira 25 år samtidig som ein har sett framover og arbeidd godt med utvikling og forankring av verdigrunnlag og strategiar. Det vert arbeidd etter langsiktige faglege strategiar mot nye forskingstema og nye bruksområde. Auka vitenskapleg publisering og langsiktig kompetansebygging i form av doktogradsarbeid er avgjerande for kvalitetsutvikling og posisjonering nasjonalt og internasjonalt.

Siste åra i VF har vore prega av utviklinga av forskingsområda og vekst i tal forskingsoppdrag og tal tilsette. Rekruttering av internasjonal forskarkompetanse innan IT har vore ei satsing for å styrke internasjonalt forskingssamarbeid og vitenskapleg publisering. Innan reiselivsforskning er dialogen mellom reiselivsnæringa, styresmakter og internasjonale og nasjonale forskingsmiljø styrka gjennom den årlege dialogkonferansen Balestrand Summit, med formål å praksisorientere forskinga og kunnskapsorientere næringa. Innan klima- og miljøforskning har ein oppnådd sterkare regional orientering av forskingstema klimatilpassing samt etablering av sterkare internasjonale nettverk, ikkje minst gjennom etablering av Nordic Strategic Adaption Research (NORD-STAR) som er eit Nordic Centre of Excellence. Forskingsprogram for fornybar energi (i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og energibedriftene i fylket) er ei langsiktig satsing på forskingsområde med stor relevans for regionen.

2010 har vore eit år for konsolidering av forskarstaben samtidig som den faglege portefølgjen alltid må vere i utvikling. Tal forskarårsverk har vore stabilt gjennom året. Kjønnsbalansen er relativt god med 8 kvinnelege forskarar av 27. Det er eit mål å legge til rette for å kombinere forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte. Vestlandsforskning har lågt sjukefråver med 3,2% i 2010. Instituttet arbeider aktivt med å legge til rette for eit godt arbeidsmiljø og førebygge sjukefråver gjennom HMS-arbeid. I 2010 er det m.a. gjennomført glattkøyringskurs og ei seminarrekke med fokus på førebygging av psykisk og fysisk slitasje.

Instituttet har fokus på korleis redusere miljøkonsekvensar av verksemda. Reiseaktiviteten representerer den største utfordringa. Hovudfokus er å redusere reisinga og i større grad nytte videokonferanse som møteform, men samtidig ikkje på bekostning av fagleg nettverksbygging, –samarbeid og synlighet. For å redusere utsleppa frå bilkøyring i arbeidet, er det i 2010 gjennomført kurs i drivstoffeffektiv bilkøyring. Vestlandsforskning kompenserer for klimagassutsleppa frå flyreiser ved kjøp av CO<sub>2</sub> kvoter basert på "gullstandard" (SFT). Vestlandsforskning har gjennom 2010 arbeidd for å bli sertifisert som Miljøfyrtårnsbedrift, og instituttet vart godkjent ved årsskiftet.

Omsettinga i instituttet har auka også i 2010 og instituttet er inne i ein periode med konsolidering av storleiken etter relativt sterk vekst. Aktiviteten ved Vestlandsforskning var 86% oppdragsfinansiert i 2010. Finansiering av vitenskapleg publisering og fagleg utviklingsarbeid som ikkje blir finansiert i oppdragsmarknaden er utfordrande. Instituttet auka tal vitenskaplege publiseringar i 2010 og arbeider aktivt for at breidda av forskarar skal delta i vitenskapleg publisering. Tal andre publikasjonar var i 2010 lågare enn dei føregåande åra. Styret meiner det er kritisk å investere i fagleg utvikling i instituttet. Nøktern økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev eit visst handlingsrom for faglege satsingar og er avgjerande for å vidareføre ei positiv utvikling i instituttet.

Styret er godt nøgd med arbeidet i Vestlandsforskning i 2010. Trass stramme økonomiske vilkår i deler av forskingsmarknaden, har Vestlandsforskning i 2010 ei robust drift. Dette ser styret som resultat av langsiktig og målretta fagleg satsing mot tema som er aktuelle i samfunnet. Det er viktig også i åra som kjem å møte

utfordringar i oppdragsforskningsmarknaden offensivt og skape økonomisk handlingsrom for fagleg utvikling i instituttet.

*Rammevilkår som vil påverke instituttet si vidare utvikling*

Styret vil løfte fram fire sentrale område og rammevilkår for instituttet si utvikling dei komande åra:

### 1) Forskingssenter for berekraftig reiseliv

Regjeringa sette tre hovudmål i gjeldande reiselivsstrategi; a) auka verdiskaping og produktivitet, b) levedyktige distrikt gjennom fleire heilårs arbeidsplassar og c) Norge som berekraftig reisemål. Verdiskapinga skal skje på ein berekraftig måte slik at miljø- og klimaomsyn blir ivaretatt og natur- og kulturarven blir brukt som eit konkurransefortrinn. Berekraftmålet for reiselivsnæringa har i liten grad vore sett under politisk debatt sidan reiselivsstrategien vart vedtatt i 2007. Ny reiselivsstrategi er under utarbeiding av NHD i samarbeid med reiselivsnæringane i 2010-2011. Norsk reiselivspolitik og framtidig utvikling av reiselivsnæringa vil verte prega av i kva grad berekraft framleis skal vere eit mål og korleis berekraft ev blir vekta og problematisert ifht andre mål og ifht kunnskapsutvikling for å finne framtidens løysingar. Transportutfordringa og volumauke er innlysande, men også korleis auke verdiskapinga samtidig som lokal og global miljøbelastning vert redusert. Prosjektet *Sustainable Destination Norway 2025* som Forskingssenter for berekraftig reiseliv skal rapportere til NHD juni 2011, vil peike på forutsetningar og verkemiddel for å utvikle norsk reiseliv i berekraftig retning. Ein vil også identifisere kunnskapsbehov for å utvikle verdiskaping og berekraft i norsk reiselivsnæring ifht morgondagens marknader.

For Forskingssenter for berekraftig reiseliv blir det avgjerande kva mål ny reiselivsstrategi vil sette og korleis forskning og kunnskapsutvikling blir integrert i oppfølginga. Forskingssenteret er utfordra på å integrere verdiskaping i større grad i forskinga og har valt å utvide berekraftbegrepet til å omfatte økonomiske og sosiale aspekt, i tillegg til miljøaspektet. Det inneber også å utvide fagprofilen i forskingssenteret. Vidare blir det ei utfordring for Forskingssenteret at ein både har høg relevans for reiselivsnæringa høg forskingskvalitet, m.a. ved at ein kan ta kortsiktige og avgrensa utgreiingsoppdrag samtidig som ein arbeider med langsiktige forskingsarbeid med høg kvalitet. Det siste, eit forskingsbasert kunnskapsgrunnlag tematisk og metodisk, er ein føresetnad for å levere utgreiingar med solid kvalitet som kan brukast i næringa og som grunnlag for politikktutvikling. Skal ein utvikle kunnskapsbasisen, er det avgjerande at styresmakter og næringa brukar ressursar til reiselivsforskning i form av t.d. ei basisfinansiering av Forskingssenteret, eit reiselivsforskningsprogram i regi av Forskningsrådet eller på andre større forskingsprosjekt.

### 2) Klima- og energipolitikk

Klimaendringane er på dagsorden med full tyngde. I Norge har ikkje minst rapporten frå det offentlege utvalet "Klimasårbarhetsutvalget" leia av Oddvar Fløte, retta søkelyset på samfunnets klimasårbarhet og kva som må til for tilpasse det norske samfunnet til klimaendringane. Ikkje minst er behovet for meir kunnskap om føresetnader for lokal klimatilpassing og planlegging i mange samfunnssektorar artikulert.

Vestlandsforskning er ein sentral kunnskapsleverandør på lokal klimasårbarhet og –tilpassing, eit område utvikla i forlenging av vår historie innan miljø-, planlegging- og lokalsamfunnsforskning. Deltaking i det nordiske NCE på klimatilpassing, er eit viktig steg i retning ein internasjonal posisjon på klimasårbarhet. Saman med HSF bygger vi opp forskingskompetanse innan fornybar energi og som del av FME CenSES bygger vi felles kunnskapsmiljø og nettverk på den samfunnsvitskapelege forskinga rundt fornybar energi. CenSES vil truleg bli ein svært viktig arena for forskningssamarbeid nasjonalt og internasjonalt for våre miljø. Styret meiner at VF skal halde fram å bygge seg på desse områda i åra som kjem, i samarbeid med naturvitskapelege og teknologiske forskingsmiljø nasjonalt og ikkje minst internasjonalt.

Vestlandsforskning er ein sentral kunnskapsleverandør på både utslepps- og tilpassingsdelen av klimapolitikk, eit område utvikla i forlenging av vår historie innan transport-, berekraft-, miljø-, planlegging- og lokalsamfunnsforskning. På nyåret 2011 kom VF med i eit nyetablert Nordic Centre of Excellence innan klimatilpassing (Nord-Star) og VF og HSF kom med i eit nyetablert Forskingssenter for miljøvennleg energi CenSES. Desse to nye plattformene vil styrke arbeidet framover med å posisjonere miljøa våre nasjonalt og internasjonalt innan klima og energi. Styret meiner at VF skal halde fram å bygge seg på desse områda i åra som kjem, i samarbeid med naturvitskaplege og teknologiske forskingsmiljø nasjonalt og ikkje minst internasjonalt. Ei særleg viktig utfordring blir å utvikle nye forskingsprosjekt som omfattar både energi og klima.

### 3. Styrka internasjonalt forskingssamarbeid

Forskingrådet vedtok i 2010 ny strategi for internasjonalt samarbeid 2010-2010. Strategien legg opp til integrering av internasjonalt samarbeid i nasjonal forskning. Samtidig må nasjonal forskning styrke seg i forhold til internasjonal konkurranse om forskingsfinansiering og dermed konkurrere i forskingskvalitet målt m.a. i vitenskapleg publisering. Strategien har som mål å gjere norske forskingsmiljø betre i stand til å hevde seg i den internasjonale konkurransen gjennom nettopp å samarbeide med dei beste internasjonale forskingsmiljøa innan dei store, globale utfordringane klima, energi, helse, miljø og mat.

Denne strategien utfordrar forskingsinstitusjonane til å legge til rette for tydelegare organisert, systematisk internasjonalisering i tillegg til tidlegare forskarsamarbeid på individnivå. Strategien representerer utfordringar og muligheter for Vestlandsforskning som eit lite, men anerkjent institutt på våre område. Instituttet sine erfaringar med EU-forskingssamarbeid vil vere verdifull, samtidig som utfordringa på å spisse forskingsområda våre blir ytterlegare tydeleggjort i ein vesentleg tøffare internasjonal konkurranse. Det blir avgjerande at instituttet vinn fram i eit styrka internasjonalt forskingssamarbeid også for å vere ein kunnskapsleverandør til eigen region og ein formidlar av regionen sine problemstillingar inn i internasjonal forskning.

## ÅRSRAPPORT FRÅ MILJØ- OG REISELIVSGRUPPA

### Aktivitet 2010 –

#### Indikatorar for berekraftig reiseliv

I 2010 avslutta Forskingssenter for berekraftig reiseliv eit 3-årig prosjekt i samarbeid med NCE Tourism Fjord Norway der fem utvalde reiselivsaktørar på Vestlandet deltok. Prosjektet og deltakarane har mellom anna hatt som mål å auke kunnskapen om berekraft i reiselivet og å prøve ut sertifisering og indikatorbaserte verktøy for å bli meir berekraftige. "Kva er berekraft i reiselivet og korleis kan ein få det til?" var tema som vart diskuterte i prosjektet. Erfaringa til bedriftene viser at det var enklare å jobbe med ei sertifiseringsordning framfor indikatorar. Alle dei fem bedriftene er i dag miljøsertifiserte. Eit sluttprodukt frå sjølve prosjektet er ein lett tilgjengeleg brosjyre produsert av NCE Tourism Fjord Norway og levert av Vestlandsforskning. Brosjyren rettar seg mot små og mellomstore reiselivsbedrifter, og fortel korleis ein kan gå fram for å bli ein del av eit berekraftig reiseliv.

#### Livsløpsanalyse av ulike transportmiddel

Kva er dei samla energi- og miljøeigenskapane til ulike transportmiddel? For å få svar på dette spørsmålet må ein rekne ut frå eit livsløpsperspektiv som inkluderer 1) Den energien som går med til framdrift av transportmidla, 2) Den energien som går med til produksjon og distribusjon av drivstoff som vert brukt i transportmidla og 3) Bygging og vedlikehald av transportmidla og av transportsystema sin infrastruktur.

I 1993 slutførde Vestlandsforskning ei av dei første studia i Noreg som samanlikna energibruk og miljøeigenskapar for transportmiddel i eit livsløpsperspektiv. Vestlandsforskning oppdaterte og vidareførte arbeidet i prosjektet "Transport, Energi, og Miljø", eit strategisk instituttprogram utført i perioden 2008- 2010 på oppdrag frå Norges Forskningsråd. Forskar Morten Simonsen etablerte ein energi- og utslppsdatabase for person- og godstransport. Databasen inneheld køyretøy for veg, sjø- og luftfart og omfattar både konvensjonelle og alternative drivstoff. Passasjertransport er fordelt mellom korte reiser som er definert som reiser inntil 10 kilometer og lange reiser. Link til databasen og det omfattande underlagsmaterialet kan lastast ned på <http://transport.vestforsk.no/>.

#### Miljø- og helseeffekt av biodiesel

I Noreg blandar ein inn 3,5 prosent biodiesel i den totale mengda diesel som vert selt. Dette skal aukast til 5 prosent i løpet av 2011. Kva er helse- og miljøeffektane ved å blande biodiesel og vanleg diesel? Det var eit av hovudspørsmåla for Vestlandsforskning i prosjektet BIODEG (*Influence of bio-components content in fuel on emission of diesel engines and engine oil deterioration*). Prosjektet er finansiert av EEA Grants, og utført i samarbeid med Oil and Gas Institute of Krakow (IniG) i Polen og Abgasprüfstelle Fachhochschule Biel (AFHB) i Sveits. Vestlandsforskning gjorde ei livsløpsvurdering av klimagassar og ei toksikologisk vurdering av helseeffekten av bioinnblandingar. Dei toksikologiske vurderingane viser at nanopartiklar frå biodiesel kan innehalde giftig tjærestoff som aukar eksosen si evne til å skade DNA. Resultatet har vekt nasjonal og internasjonal merksemd.

#### Konsekvensar av klimaendringane for kommunal og fylkeskommunal infrastruktur

Prosjektet "Klimaendringenes konsekvenser for kommunal og fylkeskommunal infrastruktur" gjennomført for KS har belyst utfordringer som kommunene vil måtte håndtere under et endret klima når det gjelder forvaltning av infrastruktur. Med infrastruktur menes arealforvaltning, vannforsyning, avløps- og overvannshåndtering, offentlige bygg, offentlig transport, transportinfrastruktur og kraftoverføring og elektronisk kommunikasjon.

Prosjektet har utredet tre forhold:

- (1) *Klimasårbarhet*: Vurdere hvilke konsekvenser klimaendringene vil få for kommunal og fylkeskommunal infrastruktur.
- (2) *Klimatilpasning*: Vurdere tiltak som kan gjennomføres innenfor kommunale sektorområder og innen kommunal og regional planlegging, gitt eksisterende klimaframskrivninger.
- (3) *Hindringer for klimatilpasning*: Vurdere hvilke *hindringer* som kan komme i veien for arbeidet med klimatilpasning.

Prosjektet har produsert to typer resultater: *Forslag til metode* for hvordan kommunene selv kan analysere klimasårbarhet, klimatilpasning og hindringer for klimatilpasning. I dette ligger bl.a. forslag til typologier for ulike kategorier klimasårbarhet, usikkerhet, klimatilpasningstiltak og hindringer for klimatilpasning. Videre er

## Årsmelding 2010 - Vestlandsforskning

---

